

Årsmelding 2025

for Stamnes sokneråd / Stamnes og Eidsland sokneråd(frå 1.mai).

Innleiing:

Året 2025 har vore eit år som har vore prega av endringar og store hendingar i soknet vårt. Namneprosessen med endring til Stamnes og Eidsland sokneråd vart godkjent og namnet teke i bruk 1.mai, me har teke formell avskil med sokneprest Edvard Bø, og delteke på tilsetjing, ordinasjon og innsetjing av sokneprest Fredrik Hope. Biskopen føretok ordinasjonen av vår nye sokneprest for Stamnes og Eidsland sokn og Vaksdal sokn i Stamnes kyrkje i januar. 100-årsjubileet for Eidsland kapell vart fint markert og feira 31.mai.

1.Stamnes sokneråd har i meldingsåret vore samansett slik:

Leiar: Bjørn Stamnesfet

Nestleiar: Monica Myster Dyvik

Skrivar: Eidrun Straume Normann

Kasserar: Olaug Lunde Stamnes

Styremedlemer: Eli Marit Hvidsten, Anne Margrethe Eikefet

Geistleg representant: Fredrik Hope, vikar Roar Strømme 2.halvår.

Varamedlemer: 1. Rune Gullbrå

2. Vivian Farestveit

3. Bjørn Samuelsen

4. Olav Arnstein Vik

5 AnnTherese Stamnesfet

6. Karin Johanne Berge Rosvold

Representant til Vaksdal kyrkjelege fellesråd: Anne Margrethe Eikefet

Vara: Eli Marit Hvidtsten.

1.varamedlem Rune Gullbrå, går etter søknad ut av rådet ved årsskiftet 25/26 grunna flytting frå kommunen.

2. Soknerådsmøte:

Det har i meldingsåret vore halde 9 møter og handsama 81 saker.

NB!:Talet på møte/saker, samt alle andre tal i årsmeldinga, vert samla for heile meldingsåret, sjølv om namneendringa på soknet vart endra frå 1.mai. Ein starta då formelt med møte 1 og sak 1 då det nye namnet på soknet vart teke i bruk.

3. Særlege saker som soknerådet har handsama/arrangement me har delteke på:

- Avskilsgudsteneste for Edvard Bø i Vaksdal kyrkje søndag 12.januar.
Dette var ei felles formell markering, med etterfølgjande middag og kaffi i Vaksdal bedehus. Edvard, som den avhaldne soknepresten han har vore, fekk mange skikkeleg

vel fortente gode ord og gåver, og stunda kalla fram både smil og tårer. Enno ein gong:
Takk Edvard! I Vaksdal kyrkje: I Stamnes kyrkje:



- Vigslingsgudsteneste og innsetjing av Fredrik Hope som ny sokneprest i Stamnes og Eidsland sokn /Vaksdal sokn. Denne høgtidelege handlinga vart føreteken i Stamnes kyrkje søndag 26.januar. Biskop Ragnhild Jebsen føretok sjølve vigslinga, saman med fleire prestar og forbedarar. Dette er så vidt me veit, første gongen ei slik handling har vorte gjennomført i våre kyrkjer, og det var ei spesielt høgtideleg og verdig stund.

Foto frå kyrkja: Brith Kydland.



Etter gudstenesta, var det festsamkome med snittar, kaffi og kaker i eit nær fullsett Stamnes bedehus, varme talar og helsingar til vår nye prest. Velkomen Fredrik !!

Foto frå bedehuset: Soknerådet.



Bilde 1 (til venstre): Her får Fredrik det «endelege beviset» på at no er han prest:



- 100-årsjubileum for Eidsland kapell. Årets kyrkjegardsdag her, vart arrangert på vikslingsdatoen 29. April.
Jubileet vart først markert med ein **konsert** laurdag 24.mai v/folkesongar Berit Oppheim og kantor Ruben Gjertsen, som gav oss ei uforgløymeleg stund i kyrkja. Kyrkjerommet her høver svært godt for slike tonar, og samspelet mellom dei to musikarane opplevdest som storslagent og heilt «riktig».
Laurdag 31.mai kl 12 vart så sjølve **jubileumsgudstenesta** halden.
Foto frå kapellet: Jan Egil Dyvik.



Fleire tilreisande og eldre prestar deltok. Ein kan nemna Magne Olav Steinnes, og Kjell Arne Norum (sett frå venstre i bileta). Sistnemnde heldt preika denne dagen.





Festlyden gjekk så til duka og dekkja bord i Grendahuset, der Grendalaget serverte nydeleg betasuppe, kaffi og kaker. Soknerådet takkar dei for veldig godt samarbeid! Her vart det på nytt musikkinnslag v/Asbjørns, talar og helsingar, og gåver til jubilanten. Ordførar Hege Eide Vik, (oppvaksen på Eidsland) helsar og overrekkjer gåve frå Kommunen. Kåre Ness helsar og orienterar om boka dei skriv på om Eidslandsbygda og fabrikkjen. **Foto frå Grendahuset: Soknerådet.**



Ei jubileumsnemnd arbeider med eit eige festskrift / bok i høve jubileet, og denne vert presentert i etterkant. Ein ønskte å få med også sjølve jubileumsmarkeringa i heftet, og det er eit omfattande og grundig arbeid nemnda gjer/har gjort.

*I høve jubileet vart det utført eit stort og omfattande dugnadsarbeid av soknerådet og frivilljuge. **Tal timar registrert er 164.** Sjå punkt under.*

- Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp i mars, vart ikkje arrangert som vanleg med bøsseinnsamling v/konfirmanter, då me ikkje hadde konfirantar i soknet dette året. I staden vart det ofring til Kirkens Nødhjelp i begge kyrkjene våre. **Resultat registrert på Stamnes sokn kr 4191,-** Det kan sjølvstøtt vera sendt / vippsa pengar til aksjonen frå einskildpersonar herifrå, men utan å verta direkte registrert på soknet.
- Planlegging, kyrkjevertar, praktiske ting i høve aktivitetane som har gått føre seg i kyrkjelydane våre. Me er oppmoda om å registrera tidsbruken for det frivilljuge arbeidet, for å dokumentera dette. Timar registrert, sjå punkt under.
- Vedlikehald og dugnader er gjort, både utandørs og innandørs, særleg i samband med jubileet på Eidsland. Ein kan nemna:


Eidsland:- Vask i kyrkja innvendes og utvendes, klypping av hekk, oppussing av rekkverk ved begge trappegangane, planting/ luking/pynting/maling, oppgradering ute og inne, ymse komite-arbeid, oppgåve som «vertskap» under arrangementa.

Foto: Soknerådet



Ein søkte kommunen om ekstra løyving til oppgraderinga i kapellet på Eidsland pga det ekstra vedlikehaldsarbeidet som vart utført ifm jubileet, men fekk einstemmig avslag i formannskapet på dette. Det vart avgjort utan at det vart teke opp som sak i sjølve kommunestyret, noko rådet var skuffa over.

Stamnes: Vask/rydding og oppgradering inne i høve ordinasjonsgudsteneste og vitjing av biskopen. Våren: fjerna mose frå kyrkjetaket, vask av kyrkja utvendes då det vart arrangert 2-to brudlaup iløpet av sommaren. **Foto: Soknerådet.**



- Kyrkjegardsdagar vart arrangert som vanleg, med lett servering v/soknerådet, både på Stamnes og Eidsland. Astrid's gartneri selde også i år fine blomar.

Basaren i februar i samarbeid med barnekoret er vorte ein årviss tradisjon, og er soknerådet si viktigaste inntektskjelde. Sjå rekneskapen for resultat. **Foto: Soknerådet.**



Dette året var det arrangert konfirmantfest for årskulla 1973/74, samt konfirmantane frå våren 2024. Vanleg deltaking, gode tilbakemeldingar! Meny: snittar, kaker, heimelaga saft og kaffi. **Foto: Soknerådet.**



4. Tilsette som arbeider/har arbeidd i kyrkjelyden i meldingsåret:

Prestar:	Sokneprestane Fredrik Hope (sjukmeldt frå august), Frode Kvamsøe, vikarprest Roar Strømme (frå august).
Trusopplærar:	Kristin Straume Normann.
Organistar/kantorar:	Ruben S. Gjertsen. Frode Vik
Klokkarar /kyrkjetenarar:	Appia Mkoba på Stamnes, og vikar på Eidsland.
Reinhald:	Eidsland og Stamnes: Vaksdal kommune.
Kyrkjegardsarbeidarar:	Stamnes, Vaksdal kommune. Eidsland, Vaksdal kommune / robot-klyppar til grasklypping.
Vaktmeistar:	Alle sokn, Ottar Dalseid.

5. Gudstenester

- **Stamnes:** 16 gudstenester totalt.
1-ei var skulegudsteneste, 1-ei var friluftsgudsteneste, 1-ei var kombinert lysmesse og adventskonsert, og 1-ei var minnegudsteneste.
- **Kristi himmelfartsdag:** tradisjonen tru stevne/gudsteneste i Skipshelleren.

- **Minnegudstenesta** vart også dette året todelt innan kommunen. I vårt sokn vart det halde minnegudsteneste som vanleg på nyårsaftan for Stamnes, Eidsland, Eksingedalen og Nesheim sokn i Stamnes kyrkje. Deltaking: 16 personar. Dei andre sokna hadde minnegudsteneste på helgemessesundag i Dale kyrkje.
- **Eidsland:** 9 gudstenester totalt. 1 var lysmesse. Olsokgudsteneste vart halde utandørs på Leiro, med 29 deltakarar.
Foto: Soknerådet.



Takk til Nordheim- familien også i år for god velkomst og tilrettelegging på tunet! I samband med gudstenesta på skjærtorsdag, vart det arrangert påskefrukost (17 deltok).

6. Konsertar:

Stamnes :

- Lysmesse/ adventkonsert med Blanke Messingen, Stamnes barnekor m.fl.
- Orgelresitasjon ved kantor, i påska.

-Barnekoret har delteke på familiegudsteneste og adventkonsert/lysmesser.

Eidsland:

- Orgelresitasjon ved kantor og påskefrukost langfredag.



- Jubileumskonsert v/Berit Oppheim og Ruben Gjertsen 24. mai. Eidrun S Normann, representant frå soknerådet, takkar for ein «strålande» fin konsert. **Foto: Soknerådet.**



7. Konfirmentar og konfirmasjon:

Ingen konfirmentar dette året i soknet vårt. Litt spesielt og rart...

8. Andre aktivitetar i soknet:

Knøttesong:

Det me før kalla baby/småbarnssong, er no omdefinert til knøttesong, med målgruppe 0-6 år. Det har vorte halde i allaktivitetshuset, trusopplærar har opplegget med borna, soknerådet og idrettslaget tilrettelegg. Av og til er det også kafe i etterkant. Deltakarar kjem frå heile kommunen, flott! Sjå elles eigen statistikk for trusopplæringa.

Trusopplæringa:

5-åringane fekk som tradisjonen er, ein generell invitasjon til gudstenesta i Skipshelleren på Kristi Himmelfartsdag, nokre få born møtte.

Det var ei utdeling på Stamnes med 4-årsbok, og Nytestamentet til 10-åringane.

8-åringane frå Stamnes var invitert på Tårnagenthelg på Vaksdal, nokre deltok.

Andre tal frå trusopplæringa:

Syner til årsmeldinga for denne, blir lagt ut på Kyrkja i Vaksdal sine sider saman med annan statistikk i næraste framtid.

Barnekoret:

Dirigent: Kristin Straume Normann.

Akkompagnering på piano: Ruben Gjertsen.

Vaksne leiarar (varme/opplåsing/kort andakt/praktisk hjelp/administrering m.m.):

Liv Eli Seime Stamnes, Ragnhild Gravdal, Eidrun S. Normann.

Framføringar: Koret har delteke med song på 6 arrangement. Dei har hatt ein teatertur og ein tur med Brørvikaskuto.

Barnekortreff i Ytrebygda: Nokre av dei eldste i koret, deltok på barnekortreff i Ytrebygda kyrkje ein laurdag i januar. Dette var svært vellukka! Biskopen var til stades, og ho kjende att kordeltakarar då koret song på ordinasjonsgudstenesta for Fredrik Hope sundagen etterpå.

Antal øvingar: 16

Betalande medlemmer: 14, Born som har vore «innom» koret: 19, vanlegvis 10-12 born kvar øving. Øvingar er torsdagar kl. 17.30 -18.30 i Stamnes bedehus.

Svært greie og positive foreldre stiller med drikke og mopping etter kvar øving. Koret har fått svært gode tilbakemeldingar på songen sin dette året, kjekt!

Barneforeiningsbasar på Straume:

Barneforeininga v/Björg og Torunn Vassenden, hadde også i år basar i Straume ungdomshus i oktober, til inntekt for Normisjon sitt arbeid i Bangladesh. Det har vore få eller ingen barneforeningsmøte dette året, då det er svært få born i aktuell aldersgruppe, men misjonsbasar vart det likevel, med besøk frå Normisjon sitt kontor i Bergen.

Sundagsskule: Ingen søndagsskular i funksjon i sokna for tida.

Spøtekafe/strikkekafe:

Spøtekafeen, som har vorte halde ca ein gong i månaden, ser ut til å vera eit populært tiltak, som er kome for å bli, kjekt! Den blir no arrangert kvar 14.dag, etter ynskje frå deltakarane! Ein held til i sakristiet på Stamnes, og der er det fullt hus kvar gong! Leiarar er Monica og Olaug frå soknerådet. Det er eit lågterskeltilbod, med ein enkel kopp kaffi, og ei lita utlodding. Inntekta herifrå går til dei nye lysglobane.

Det har i meldingsåret vore 14 samlingar, 8 -14 deltek kvar gong. **Foto: Soknerådet.**



Ymse:

Av praktiske ting/innkjøp kan nemnast:

- Projektor til Eidslandet er på plass. (Ref. sak 5 i årsmøtereferatet frå i fjor).
- Fått på plass «klede»/dukar til lesepult og talarstol på Eidsland til jubileet. (Ref. sak 5 i årsmøtereferatet frå i fjor). **Foto: Soknerådet.**



- Portane og rekkverka på Eidsland er sandblåst og malt.
- Vassposten på gravplassen på Stamnes er av varierende kvalitet, vonar på full funksjon frå neste sesong.

- Lysglobe og Julekrybbe er på plass på Eidsland. Dette som resultat av gaver til Jubileet. Tatt i bruk på lysmessa og julaftan.



- Lys-skip(skute) er på plass på Stamnes, teken offisielt i bruk på julaftan, «generalprøve» på skulegudstenesta. . (Ref. sak 5 i årsmøtereferatet frå i fjor).



- Soknerådet køyrer framleis ut Kyrkjebladet i postkassane til alle i soknet.

9. Frå statistikken: 2025 (2024).

	Stamnes	Eidsland
Døpte:	(3) 0	(0) 0
Konfirmantar:	(4) 0	(0) 0
Giftarmål:	(0) 2	(0)0
Urnedetjing:	(0) 0	(0) 1
Gravferd/bisetjing:	(5) 4	(3) 2
Gudstenester:	(16) 16	(8) 7
Frammøtte:	(992) 556	(163) 327
Gjennomsnitt.	(58) 35	(23) 30
Skulegudstenester	(1) 1	

Kommentar: Sidan tal på innmeldte og utmeldte vert registrert sentralt, så har me ikkje lokale tal på dette.

10. Arbeid utført av soknerådsmedlemmer og andre i 2025:		
Utført av:	Arbeid/aktivitet	Tidsbruk:
Leiar i barnekoret	Barnekor, møter og øvingar	
Soknerådet, friviljug klokkar	Kyrkjevert på gudstenester/dugnader/basar/utkøyring av Kyrkjeblad (4 utgåver i året), klokkar V/Appia Mkoba	
Soknerådet	Spøtekafe/strikkekafe	
	Hjelpe til med babysong og setje på varme i øvingslokalet dagen før.	
Tidsbruk samla i 2025:	Alle aktiviteter	(424) 882

11. Økonomi.

Utgifter 2025		Inntekter 2025	
Joker Stamnes	14.320,-	Jubileumsgåve frå Vaksdal kommune	10.000,-
Leige Stamnes bedehus	5.350,-	Jubileumsgåve frå dei andre sokneråda i kommunen.	2.500,-
Slangetromler gravplass	5.098,-	Spøtekafe	8.480,-
Stoff/materiell lesepult Eidsland	4.413,-	Offer	6.687,-
Projektor Eidsland	5.990,-	Basar	41.756,-
Jubileumet, honorar, blommar, gavekort m.m.	6.958,-	Gåver på Vipps	3.718,-
Oppslagstavle Eidsland, v/Jon Trefall	2.000,-		
Konfirmantfest	13.140,-		
Lysglobe Eidsland	15.250,-		
Lysskip Stamnes	16.250,-		
Jubileumskonsert Berit Opheim	7.500,-		
Offer til andre	29.614,-		
Totalt utgifter	125.883,-	Totalt inntekter	73.141,-

På konto 01.01.2025 **Kr. 86.500,-**

På konto 31.12.2025. **Kr. 33.758,-**

Kr.52.742,-

Driftsresultat 2024 er såleis: minus kr. 52.742,-

12. Soknerådet takkar.

Me vil også i år få takka Stamnes bedehus v/styret for godt samarbeid, velvilje og støtte gjennom året. Dette gjeld særleg grei husleige for barnekoret, babysongen, samt lån av toalett. Ei stor takk går til alle dei frivillige medarbeidarane våre, de som spelar, les, bakar og stiller opp med det som trengs. Me set stor pris på dykk! Takk til Grendalaget på Eidsland og jubileumsnemnda for godt arbeid og samarbeid i høve jubileet. Ikkje minst takk til våre trufaste tilsette og staben på kyrkjekontoret!

*Vi er ditt verk! Du eier oss, Gud, med alle de goder vi har.
Du byr oss forvalte dem etter de bud du gav oss, vår Skaper og Far.*

*Styrk da vår tro! Tenn håp i vårt sinn, fyll hjertet med kjærlighet varm!
Så går vi frimodig til tjenesten inn i ly av din utstrakte arm. (frå NoS nr 715)*

Februar 2026,

Roar Petter Strømme, vikarprest

Bjørn Stamnesfet, leiar

Anne Margrethe Eikefet

Eli Marit Hvidtsten

Olaug Lunde Stamnes

Viviann Farestveit

Eidrun Straume Normann

Monica Myster Dyvik

Bjørn Samuelsen

Rune Gullbrå